Kloakkprosjektet nokonlunde i rute

16.06.2010

Arbeidet langs stranda går raskt unna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det store kloakkprosjektet i Uskedalen, som Dale Entreprenør (på land) og Rør Dykk (i fjorden) arbeider med, er nokonlunde i rute.

Det opplyser han som leiar prosjektet i kommunen, Ivar Kåre Døssland, til uskedalen.no

Rør Dykk har lagt leidninga rundt Neset og inn til Uskedalen Brygge og er i gang med leidninga ut mot Børnes der reinseanlegget ligg.

Når det så gjeld prosjektet på land innebar passeringa av Sandakaien visse problem. Her måtte dei leggja leidningane høgare i terrenget enn dei hadde rekna med og dei kom borti ymse gamle leidningar som ikkje var markert på kart. Men dei siste dagane har framdrifta vidare langs stranda vore bra og dei reknar med å koma inn på skuleområdet i dag.

Tysdag er det skuleslutt og då vil Dale Entreprenør stå friare til å jobba inne på skuleområdet. Pumpestasjonen der skal etter planen koma på plass i neste veke.

Entreprenørane skal ha ferie frå 8. juli og vil naturleg nok ha gjort så mykje som mulig før denne datoen.

Av Ola Matti Mathisen